

LIARUSTE



Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Etter det Ivar Kleiven kunne fortelja kom det ein sumardag, truleg ein gong på 1600-talet, ein framandkar – Lodin Gulbrandson heitte han – gåande etter Ottadalshø'n på leiting etter ein stad han fann skikka som bustad og rydningsland. Då han kom beint upp for Eidefossen såg han ei glenne i skogje eit stykke upp for fossen, hit gjekk han ned og slo seg te. Han timbra seg ei stugu og det skul vera den fyrste i nørdrø Ottdale. Staden var kalla Ruste (Liaruste). Noko seinare (1621) hadde han fått bygsel på Øverlie og hadde vel da flytta frå Rusten.